

# Manifest frå ein redaktør

*Taushetens tyranni* er egentleg eit redaktørmanifest, og i eit slikt rasjonalistisk program er det ikkje rom for kjensler av noko slag.

## SAKPROSA

FLEMMING ROSE:

### Taushetens tyranni

CAPPELEN DAMM 2011

Eg hadde store forventningar til boka *Taushetens tyranni* av Jyllands-Postens redaktør Flemming Rose, no i norsk omsetjing. Mest av alt var eg spent på å forstå hans eigne grunngevingar for å trykkje dei omstridde karikaturane hausten 2005. Men eg var òg nysgjerrig på å forstå logikken bak det sterke forsvaret hans for den tolerante tanken. Styrde han unna Skjervheims klasisiske felle: «Når dei liberale prinsippa vert sette absolutt, forvandlar det heile seg til illiberalitet»? Eg vart ikkje skuffa. Boka handlar om noko så innlysande som verdien av usemje. Om farane ved sensur. Rose har skriva ei god bok som utfordrar og nyanserer på same tid. Det er ikkje verst. Boka er skriven i ei sekularistisk og rasjonalistisk ånd, på godt og vondt. Ho handlar også om verdegrunnlaget til Rose. Det er difor ei djupt personleg bok, eit ærleg vitnemål om ei livstolkning.

## LITE NYTT

Boka fører lite nytt til torgs når det gjeld dei prinsipielle vurderingane knytte til publiseringa av teikningane. Her firar Rose ikkje ein tomme, teikningane måtte verte trykte. Men boka vidar til dei grader ut grunngevingane for trykkinga, og Rose vier tre kapittel til karikaturstriden. Her får vi den detaljerte historia før, under og etter; e-brev som vart sende, attentat som vart avverja, notat som vart skrivne, estetiske betraktningar rundt biletresepjon og kunstteori, prinsipiell tenking rundt ytringsfridom og hans eiga rolle som redaktør. Dette er grundig, interessant og viktig dokumentasjon om dei redaksjonelle vala til Jyllands-Posten: Dei ønskte å setje ut den utbreidde sjølvensuren blant journalistar, kunstnarar og andre institusjonar når det kom til det mange meinte var ei feig redsle for å såre kjenslene til muslimane.

## SKIKKELEG STABEIS

Det Rose taklar dårleg, er det han kallar «taushetens tyranni», ein slags felles, stillteande passivitet. Roses credo er: «I et demokrati har ingen noen spesiell rett til ikke å bli krenket.» Han er ein skikkeleg stableis, ingen vert ein god redaktør utan å vere sta. Difor hadde Rose samla seg eit rikhaldig arkiv med kommentarar, tolkingar og reaksjonar på karikatursprosjektet til avisa: Han ville dokumentere at han hadde rett, mens dei andre tok feil. I dette prosjektet vert satiren eit svært viktig fenomen for redaktøren,



Kulturredaktør Flemming Rose i Jyllands-Posten med den danske utgåva som kom ut i september i fjor. Foto: Scanpix

av di satiren inneheld sterk kritikk og er nådelaus, men samstundes ikkje drep nokon. Der Rose rett nok hevdar at satiren ikkje drep, er eg meir i tvil om Rose meiner det er religionen som drep, eller dei religiøse. Kva er fenomenet religion, slik han ser det? Kan ein religion vere valdeleg? Eg saknar ein vilje hos Rose til å følgje påstanden han set fram om at islam er terrorrens åndelege ammunisjon. På kva måte

Er det ikkje ein veikskap at ein som synest det er umogeleg å verte krenkt, skal definere korleis krenkingar skal møtast?

er terrorren islamsk? Er han grunngeven med Koran-stader, Hadith eller henta frå Muhammed-biografiar? Fråsegnar frå muslimske lærde?

Rose er djupt usamd i at det skulle vere ein nær samanheng

mellom vonde ord og vonde handlingar. Han polemiserer mot tanken om at radikal ytringsfridom opnar opp for overgrep og folkemord. Det var «taushetens tyranni» som førde Hitler til makta: Weimar-republikken svikta med å forsvare dei som tok til motmæle mot propagandaen til nazismen. Det kjem difor ikkje som ei overrasking at Rose er mot å kriminalisere nektingar av holocaust.

## ARGUMENTERER GODT

Rose argumenterer svært godt for trykkinga av teikningane. Eg vart nærmast overtydd. Men eg har tre innvendingar til boka. For det første: Roses prosjekt er eit sterkt og rasjonalistisk prosjekt. Hans krav til å møte ord med ord fordrar ei stor tru på eiga evne til å tenkje og formulere seg. Ikkje alle aktørar i samfunnet er like sterke som Rose, og eg slit med å forstå korleis dette radikale ytringsfridomsprosjektet kan verne om dei som ikkje er sterke nok til å møte krenkingar i ord og teikningar med nye ord. Er det ikkje ein veikskap at ein som synest det er umogeleg å verte krenkt, skal definere korleis krenkingar skal møtast? Boka er egentleg eit redaktørmanifest, og i eit slikt rasjonalistisk program er det ikkje rom for kjensler av noko slag. I så måte er boka trongsynt, ja, bortimot umenneskeleg. Rose ser ikkje kor sterk og erkevestleg han

sjølv er, og er ikkje så reflektert om premissar for eiga tenking.

For det andre meiner eg at hans syn på religiøs tru som «kjensler» er overforenkla. I ein slik retorikk vert tru noko sentimentalt; det handlar jo berre om respekt for andre menneske, meir enn respekt for «religiøse kjensler». Og sist er ytringsfridomen, som noko ein har rett på, noko overdimensjonert i boka. I omtalen av denne fridomen er Rose nærmast profetisk. Men ytringsfridom er ein fridom, ikkje berre ein rett. Og ein fridom kan ein velje ikkje å bruke, av di noko anna, for ei stund, veg tyngre. Fridomen til å gje avkall på høvet til å såre bør òg vere ein viktig ingrediens i eit sivilisert samfunn. Eg saknar dette perspektivet hos Rose, nyanseringa av at retten ikkje nødvendigvis og i alle høve må gå føre nåde. For å sitere ein profetkollega: Alt er lov, men ikkje alt gagnar.

## DOKUMENT FOR FRAMTIDA

Ein på-sida-sitjar, som til dømes ein stipendiat i teologi, kan vere i tvil om trykkinga. Ein redaktør har ikkje råd til å tvile. Her er berre for eller mot trykking. I Noreg vart Selbekk sørgjeleg åleine. For Rose var det å gje avkall på retten til å publisere Muhammed-teikningane det same som indirekte å anerkjenne at autoritære regime og totalitære rørsler hadde rett til å innskrenke ytringsfridomen, dersom han krenkte religiøse kjensler. Det trur eg han har fullstendig rett i. Det er liten tvil om at teikningane var årsaka til mykje vald, sinne og galskap. Men vi ser at mykje har skjedd alt no: Berre åtte demonstrantar møtte opp på den varsla stordemonstrasjonen då boka vart lansert på Cappelen Damm. At publiseringa av teikningane òg skunda fram diskusjonane om det viktigaste kulturmetet på fleire hundreår, diskusjonane om religion og sekularisering, ytringsfridom og religiøs fanatisme, er det ingen tvil om. I eit slikt perspektiv er *Taushetens tyranni* eit dokument for framtida.

## ESKIL SKJELDAL

Eskil Skjeldal er stipendiat i teologisk etikk ved Det teologiske Menighetsfakultet, Oslo.

grunnleggjande dramatikken, dei fundamentale spenningane til Baudelaire omdanna, eller skal vi seie oppløyste, til ein litt flytande stil, som i visse måtar endrar grunntonen. Samstundes: Dette er gjendikning på rette fasong; her møter vi djevleskapen, tristessen, overgjevninga og innimellom den fandanivaldske lysta til å utrette noko nytt, på ein måte som vil få nye generasjonar til å tenkje over korleis det desperate er innhyst i det kvardagslege. Det er så elegant gjort at det er uråd eigenleg å forklare det, enn seie gje karakterar.

## BROT MED FORVENTNINGAR

Der eg og andre ville venta ein meir dramatisk, høgstemt tone, der eg ville ha tenkt på dette som ein tekst som trass i alt er longo faren historisk, og som vi må grave fram att or dei kulturelle gøymene – der gjer Kjell Nilsen teksten levande, aktuell, talande til dei nye norske samfunnsklassene. Just dette brotet med forventningane gjer at det er opplagt at alle bibliotek må kjøpe inn denne boka, Kulturrådet må tre til – og igjen, eg meiner altså at kvar og ein av Dag og Tid-lesarane vil ha glede av å kjenne til denne omsetjinga av ei av dei mest omkalfatrande bøkene i vesterlandsk kultur.

## BJØRN KVALSVIK NICOLAYSEN

Bjørn Kvalsvik Nicolaysen er professor i lesevitenskap ved Universitetet i Stavanger og fast bokmeldar for Dag og Tid.